



Uskedalsgjengen i Førde har ein fantastisk utsikt over heile bygda frå der dei bur.

**Overraskelsane har stått i kø for Uskedalsgjengen som er på Landsskyttarstemnet i Førde, fortel storesøster til skyttaren Paul Are Ljosnes, Merethe, til uskedalen.no.**



Nyforlova i Førde: Merethe Ljosnes og Stian Jordbrekk

No i helga reiste ho saman med Stian Jordbrekk (frå Haugesund) og Torbjørn Eik på overraskelsestur dit. I sekken hadde dei med heimelaga t-skjortar med bilde av Paul Are framme, med teksten HEIA PAUL ARE, og teksten TEAM LJOSNES og SPONSA AV EVA bak. Faren, Olav Arne Ljosnes, fekk eigen caps som det sto TEAM LJOSNES på.

Men det stoppa ikkje med at dei kom om natta og stilte opp i flotte t-skjortar. I tillegg vart uskedelingane vitne til at Stian gjekk ned på kne og fridde til Merethe.

- Det vart med andre ord ein flott start på stemnet for uskedelingane, melder Merethe.